

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 08.09.2016

Handsaming i møtet

Kontrollutvalet gjorde m.a. slikt vedtak i møte 2.5.2016:

«Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen kome i møte i utvalet 31.08.2016 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport 2015 nr. 15 frå Deloitte.»

Kopi av revisjonsrapport nr. 15 vart lagt fram i møtet.

På bakgrunn av dette gjorde fylkesrådmann Rune Haugsdal og fylkesdirektør Ingrid Holm Svendsen greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbetningsområda og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Fylkesrådmannen og fylkesdirektøren orienterte også kontrollutvalet om status når det gjeld rettstvistar i Hordaland fylkeskommune.

E-post frå fylkesdirektør økonomi- og organisasjon gjeldande inntekts og kostnadssida ved TK-vest, vart lagt fram i møtet. Deloitte tar dette med seg i arbeidet med interimrevisjonen og går i dialog med fylkesrådmannen på kva dei vil gjera vidare.

Partner Bjarne Ryland og rekneskapsrevisor Espen Hordvik presenterte revisjonsplan for Hordaland fylkeskommune for 2016 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Det vart også gjeve informasjon om rekneskapsrevisjonen Deloitte har gjort så langt.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek fylkesrådmannen sin informasjon i høve revisjonsrapport nr. 15 frå Deloitte og statusgjennomgang av rettstvistar til orientering.
2. Kontrollutvalet tar revisjonsplanen og informasjonen om rekneskapsrevisjonen så langt i 2016 frå Deloitte AS til orientering.